der $r_f \cdot (1 - s)$ er risikofri rente etter skatt, β^* er justert aksjebeta, $r_m - r_f \cdot (1 - s)$ er risikopremien til aksjemarknaden etter skatt og ilp er illikviditetspremien. Illikviditetspremien kan innehalde eigarskattar, til dømes utbyteskatt: $ilp = ilp' + (r_f \cdot (1 - s) + \beta^* \cdot mrp) \cdot \tau / (1 - \tau)$, der τ er «vridingssatsen»



Estimert eigenkapitalkrav til Optione i år 0:

$$\begin{aligned} ekk &= 0,040 \cdot (1 - 0,28) + 0,837 \cdot (0,090 - 0,040 \cdot (1 - 0,28)) + 0,000 \\ &= 0,029 + 0,837 \cdot 0,061 \\ &= \underline{\underline{0,080}} \text{ eller altså } \underline{\underline{8,0\%}} \end{aligned}$$

Vi får oppgjøre r_f før skatt og må rekne ut r_f etter skatt

Vi får oppgjøre r_m og må rekne ut **mrp** etter skatt

SETT2-47

b)

NETTO DRIFTSKRAVET

GENERELT

Netto driftskravet er det vekta avkastingskravet –

VAK eller WACC:

$$ndk_t \cdot NDE_{t-1} = ekk_t \cdot EK_{t-1} + nfgk_t \cdot NFG_{t-1}$$

eller

$$ndk_t = ekk_t \cdot \frac{EK_{t-1}}{NDE_{t-1}} + nfgk_t \cdot \frac{NFG_{t-1}}{NDE_{t-1}}$$

I mangel på verdivekter må vi «feilaktig» bruke **budsjetterte** vekter



Vektinga skjer på basis av **inngåande** balanseført kapital av di kravet skal kunne samanliknast med ein netto driftsrentabilitet som er rekna ut på basis av inngåande netto driftskapital

SETT2-48

NETTO FINANSIELT GJELDSKRAV

I ÅR 0

Netto finansiell gjeld bør **justerast** til verkeleg verdiestimat i den omgrupperte og justerte finansrekneskapen. I tilfellet vil normalisert netto finansiell gjeldsrente vere eit mål på netto finansiell gjeldskrav:

$$nfgk = ngr$$

$ngr = nfgk$
→ Ingen finansiell meirverdi,
 $VNFG = NFG$

→ **Netto finansiell gjeldskrav i år 0** finn vi altså ved å finne netto finansiell rente i år 0:

$$nfgk = ngr = (3,0 - 0,8)/(60,0 - 40,0) = \underline{\underline{0,11}} \quad \text{dvs } 11,0\%$$

Dette er også den vekta differansen mellom finansiell gjeldsrente fgr og finansiell eige-
delsrentabilitet fer:

$fgr = 0,050$
 $fer = 0,020$

$$nfgk = (3/60) \cdot (60/(60 - 40)) - (0,8/40) \cdot (40/(60 - 40)) = \underline{\underline{0,11}}$$

eller $nfgk = fgr + (fgr - fer) \cdot FE/NFG = 0,05 + (0,05 - 0,02) \cdot 40/(60 - 40) = \underline{\underline{0,11}}$. $nfgk >$
 fgr sidan $fgr > fer$. **Låg rentabilitet på FE gjer renta på NFG høg**

SETT2-49


NETTO DRIFTSKRAV

I ÅR 0

Netto driftskravet

$$\begin{aligned} ndk_0 &= ekk_0 \cdot \frac{EK_{-1}}{NDE_{-1}} + nfgk_0 \cdot \frac{NFG_{-1}}{NDE_{-1}} \\ &= 0,080 \cdot \frac{180,0}{200,0} + 0,110 \cdot \frac{60,0 - 40,0}{200,0} \\ &= \underline{\underline{0,083}} \end{aligned}$$

→ Netto driftskravet i år 0 er altså **8,3%**



SETT2-50

OPTIONE ASA

FRAMTIDSKRAV

c)

Avkastingskravet i åra 1 til 4 finn vi gjennom **vekta avkastning og Miller - Modigliani - føresetnaden** om at verdien av verksemda er uavhengig av finansieringa slik at netto driftskravet er **konstant**:

1) Netto finansielt gjeldskrav:

$$nfgk_t = fgk_t \cdot \frac{FG_{t-1}}{NFG_{t-1}} - fek_t \cdot \frac{FE_{t-1}}{NFG_{t-1}}$$

År	0	1	2	3	4
Finansielt gjeldskrav (fgk = fgr)	0,050	0,050	0,050	0,050	0,050
· Finansiell gjeldsvekt	3,000	1,998	1,500	1,333	1,333
- Finansielt eidedelskrav (fek = fer)	0,020	0,030	0,031	0,030	0,030
· Finansiell eidedelsvekt	2,000	0,998	0,500	0,333	0,333
= Netto finansielt krav	0,110	0,070	0,060	0,057	0,057

Sjå spørsmål b)

SETT2-51

NETTO DRIFTSKRAV

MILLER - MODIGLIANI

2) **Netto driftskravet** finn vi gjennom VAK – det vekta avkastingskravet – og i spørsmål b), vart kravet rekna ut til å vere:

0,083 eller altså **8,3%**



Under den noko urealistiske føresetnaden av **Miller - Modiglianis** teorem om verdi og kapitalstruktur under perfekte forhold er netto driftskravet **konstant** uavhengig av budsjettett kapitalstruktur i framtidsrekneskapen:

Her vert MM nytta på ndk og ikkje på β_{NDK} , noko som kan gjerast når rentenivået framover er venta å vere konstant eller representert ved eit gjennomsnitt

År	0	1	2	3	4
Eigenkapitalkrav	0,080	?	?	?	?
· Eigenkapitalvekt	0,900	0,800	0,600	0,400	0,400
+ Netto finansiell gjeldskrav	0,110	0,070	0,060	0,057	0,057
· Netto finansiell gjeldsvekt	0,100	0,200	0,400	0,600	0,600
= Netto driftskrav	0,083	0,083	0,083	0,083	0,083

Sjå spørsmål b)

SETT2-52

Sjå eigen plansje, dvs **SETT2-54**

EIGENKAPITALKRAVET

AVHENG AV FINANSIELL RISIKO

3) Eigenkapitalkravet:

$$ekk_t = ndk_t + (ndk_t - nfgk_t) \cdot \frac{NFG_{t-1}}{EK_{t-1}}$$

→ Det inneber at kravet er:


$$\begin{aligned} ekk_1 &= 0,083 + (0,083 - 0,070) \cdot \frac{87,3 - 43,6}{174,5} = 0,086 \\ ekk_2 &= 0,083 + (0,083 - 0,060) \cdot \frac{126,0 - 42,0}{126,0} = 0,098 \\ ekk_3 &= 0,083 + (0,083 - 0,057) \cdot \frac{201,6 - 50,4}{100,8} = 0,122 \\ ekk_4 &= 0,083 + (0,083 - 0,057) \cdot \frac{211,7 - 52,9}{105,8} = 0,122 \end{aligned}$$

Auka netto finansiell gjeldsgrad fører til **auka finansiell risiko** - og difor til eit høgare krav

(her fell også nfgk = nfg)

SETT2-53

TO FRAMGANGSMÅTAR - VEKTING AV BETA ELLER KRAV?



Dette kan gjerast når rentenivået i form av **estimert risikofri rente** er tilnærma konstant eller representert med eit gjennomsnitt over framtida

SETT2-54

d)

EK - METODEN

FKE - MODELLEN

Fri kontantstraum til eigenkapital - modellen med konstant vekst etter budsjettthorisonen T:

$$VEK_0 = \sum_{t=1}^T \frac{FKE_t}{(1 + ekk_1) \cdot \dots \cdot (1 + ekk_t)} + \frac{FKE_{T+1}}{(1 + ekk_1) \cdot \dots \cdot (1 + ekk_T) \cdot (ekk - ekv)}$$

Kva er den budsjetterte **eigenkapitalveksten** etter T?

$$ekv = (105,8 - 100,8)/100,8 = 0,050 \quad \text{dvs } 5\%$$

Restriksjon:
ekk - ekv > 0

→ **Verdiestimat på eigenkapitalen til Optione ASA per 31.12 år 0:**

$$\begin{aligned} VEK_0 &= \frac{80,0}{1,086} + \frac{48,5}{1,086 \cdot 1,098} + \frac{16,2}{1,086 \cdot 1,098 \cdot (0,122 - 0,050)} \\ &= 73,7 + 40,7 + 188,7 \\ &= 303,1 \end{aligned}$$

Nytter vi fleire desimalar enn tre ved utrekning vert svaret **301,4**

SETT2-55

EK - METODEN

SPE - MODELLEN

Superprofitt til eigenkapital - modellen med konstant vekst etter budsjettthorisonen T:

$$VEK_0 = EK_0 + \sum_{t=1}^T \frac{SPE_t}{(1 + ekk_1) \cdot \dots \cdot (1 + ekk_t)} + \frac{SPE_{T+1}}{(1 + ekk_1) \cdot \dots \cdot (1 + ekk_T) \cdot (ekk - ekv)}$$

der $SPE_t = NRE_t - ekk_t \cdot EK_{t-1}$ eller altså **superprofitt** til eigenkapitalen

→ **Verdiestimat på eigenkapitalen til Optione ASA per 31.12 år 0:**

$$\begin{aligned} VEK_0 &= 174,5 + \frac{31,5 - 0,086 \cdot 174,5}{1,086} + \frac{23,3 - 0,098 \cdot 126,0}{1,086 \cdot 1,098} + \frac{21,2 - 0,122 \cdot 100,8}{1,086 \cdot 1,098 \cdot (0,122 - 0,050)} \\ &= 174,5 + 15,2 + 9,2 + 103,7 \\ &= 302,6 \end{aligned}$$

Nytter vi fleire desimalar enn tre ved utrekning vert svaret **301,4**

SETT2-56

e)

NDK - METODEN

FKD - MODELLEN

Fri kontantstraum frå drift - modellen med konstant vekst etter budsjettthorisonen T (VNFG = NFG):

$$VEK_0 = \sum_{t=1}^T \frac{FKD_t}{(1 + ndk)^t} + \frac{FKD_{T+1}}{(1 + ndk)^T \cdot (ndk - ndv)} - NFG_0,$$

Restriksjon, T+1:
ndk - ndv > 0

der $FKD_t = NDR_t - \Delta NDE_t$ er lik **fri kontantstraum frå drift**

Kva er den budsjetterte **netto driftsveksten** etter T?

$$ndv = (264,6 - 252,0)/252,0 = 0,050 \quad \text{dvs } 5\%$$

→ **Verdiestimat på egenkapitalen til Optione ASA per 31.12 år 0:**

$$\begin{aligned} VEK_0 &= \frac{34,6 - (210,0 - 218,2)}{1,083} + \frac{28,3 - (252,0 - 210,0)}{1,083^2} + \frac{29,8 - (264,6 - 252,0)}{1,083^2 \cdot (0,083 - 0,050)} - (87,3 - 43,6) \\ &= 39,5 - 11,7 + 444,4 - 43,7 = 472,2 - 43,7 \\ &= 428,5 \end{aligned}$$

Nytter vi fleire desimalar enn tre ved utrekning vert svaret 428,5

$VNFG_0 = NFG_0$
sidan nfg = nfgk

NDK - METODEN

SPD - MODELLEN

Superprofitt til netto driftskapital - modellen

med konstant vekst etter budsjettthorisonen T (VNFG = NFG):

$$VEK_0 = EK_0 + \sum_{t=1}^T \frac{SPD_t}{(1 + ndk)^t} + \frac{SPD_{T+1}}{(1 + ndk)^T \cdot (ndk - ndv)},$$

der $SPD_t = NDR_t - ndk \cdot NDK_{t-1}$ er **superprofitt frå drift**

→ **Verdiestimat på egenkapitalen til Optione ASA per 31.12 år 0:**

$$\begin{aligned} VEK_0 &= 174,5 + \frac{34,6 - 0,083 \cdot 218,2}{1,083} + \frac{28,3 - 0,083 \cdot 210,0}{1,083^2} + \frac{29,8 - 0,083 \cdot 252,0}{1,083^2 \cdot (0,083 - 0,050)} \\ &= 174,5 + 15,2 + 9,3 + 229,5 \\ &= 428,5 \end{aligned}$$

Nytter vi fleire desimalar enn tre ved utrekning vert svaret 428,5

f)

AVVIK I VERDIESTIMAT

EK- KONTRA SK-METODEN

Eigenkapitalmetoden gjev eit verdiestimat på i gjennomsnitt **302,9** medan netto driftskapitalmetoden – som er ein «totalkapitalmetode» – gjev **428,5**. **Det er altså eit avvik på 125,6 – eller altså på heile 41,5% – mellom dei to metodane !!!**



KVA ER ÅRSAKA?

Årsaka er knytt til avkastingskravet der vi i vektinga for å finne netto driftskravet og eigenkapitalkravet **har nytta vekter til budsjettert verdi og ikkje verkeleg verdiestimat**. Dette er i strid med føresetnaden bak det vekta avkastingskravet der vektene skal vere til verkeleg verdi:

$$\text{ndk}_t = \text{ekk}_t \cdot \frac{\text{VEK}_{t-1}}{\text{VNDE}_{t-1}} + \text{nfgk}_t \cdot \frac{\text{VNFG}_{t-1}}{\text{VNDE}_{t-1}}$$

Vekter til verkeleg verdi

Men vi må i b) nytte budsjetterte vekter då vi enno ikkje har estimert verkelege verdiar

PROSEDYRE

FOR KONVERGENS I VEK

1) Sidan vi ikkje kjenner verkeleg verdiestimat før vi har rekna dei ut, må vi **vekte krav med budsjetterte vekter** og finne eit upresist verdiestimat i **første** steg

2) Deretter bør vi utarbeide nytt balansebudsjett basert på verdiestimat i første steg og så **vekte avkastingskrav med oppdaterte vekter**. Verksemda vert verdsett på nytt med dei nye krava og vi får verdiestimatet i **andre** steg

3) Deretter bør vi utarbeide nytt balansebudsjett basert på verdiestimat i andre steg og så **vekte avkastingskrav med oppdaterte vekter**. Verksemda vert verdsett på nytt med dei nye krava og vi får verdiestimatet i **tredje** steg

4) ...



Proessen vil **konvergere** slik at verdiestimatet etter **eigenkapital- og «totalkapitalmetoden»** vert det same. Det kan synast at verdiestimatet konvergerer mot 459

Dette vil
ingen vere i
stand til på
eksamen
pga tids-
bruk!

STEG 2

FRAMTIDSREKNESKAP TIL VV

1) Steg 1 har produsert verdiestimatet 302,9 etter egenkapitalmetoden og 428,5 etter netto driftskapitalmetoden. **Gjennomsnittsestimatet er 365,7**

2) Oppdaterer den **budsjetterte balansen med verkelege verdiesti-
mat:**

År	-1	0	1	2	3	4
	Finansrekneskap		Framtidsrekneskap			
Fri kontantstraum frå drift		15,3	42,8	-13,7	17,2	18,1
+ Endring i netto driftseigedelar (residualt)			-8,8	46,9	19,9	20,7
= Netto driftsresultat			34,0	33,2	37,1	38,8
+ Netto finansinntekt			1,3	1,2	1,5	1,6
= Nettoresultat til sysselsett kapital			35,3	34,4	38,6	40,4
- Netto finanskostnad			4,4	10,1	10,6	
= Nettoresultat til eigenkapital			30,9	24,3	28,0	29,8
- Fri kontantstraum til eigenkapital (netto betalt utbyte)			80,0	48,5	365,7 - 49,1	
= Endring i eigenkapital			-49,1	-20,3	-3,3	12,9
Netto driftseigedelar		392,2	409,4	400,6	447,5	467,4
+ Finansielle eigedelar		40,0	43,6	42,0	50,4	52,9
= Sysselsette eigedelar		432,2	453,0	442,6	497,9	520,3
Eigenkapital		372,2	365,7	316,6	296,3	308,6
+ Finansiell gjeld		60,0	87,3	126,0	201,6	211,7
= Sysselsett kapital		432,2	453,0	442,6	497,9	520,3

SETT2-61

STEG 2

VEKTING TIL VV-ESTIMAT

Merk at
ekk endrar
seg svært
mykje

		0	1	2	3	4
Eigenkapitalkrav		0,080	0,083	0,088	0,095	0,095
· Eigenkapitalvekt		0,949	0,893	0,790	0,662	0,660
+ Netto finansiell gjeldskrav		0,110	0,070	0,060	0,057	0,057
· Netto finansiell gjeldsvekt		0,051	0,107	0,210	0,338	0,340
= Netto driftskrav		0,082	0,082	0,082	0,082	0,082
År		2003	2004	2005	2006	2007
Finansielt gjeldskrav (fgk = fgr)		0,050	0,050	0,050	0,050	0,050
· Finansiell gjeldsvekt		3,000	1,998	1,500	1,333	1,333
+ Finansielt eigedelskrav (fek = fer)		0,020	0,030	0,031	0,030	0,030
· Finansiell eigedelsvekt		2,000	0,998	0,500	0,333	0,333
= Netto finansielt gjeldskrav		0,110	0,070	0,060	0,057	0,057

SETT2-62

STEG 2

OPPDATERT VERDIESTIMAT

Merk at det er berre kravet som er oppdatert

1) SPE-modellen	0	1	2	3	4
Nettoresultat til eigenkapital		31,500	23,300	21,200	22,300
- Nettoresultatkrav til eigenkapital		14,484	11,088	9,576	10,051
= Superprofitt til eigenkapital		17,016	12,212	11,624	12,249
			258,311		
/ Diskonteringsfaktor		1,083	1,178		
= Noverdien av superprofitt til eigenkapital		15,712	229,646		
Balanseført eigenkapital	174,500				
+ Sum noverdi av superprofitt til eigenkapital	245,358				
= Eigenkapitalverdi	419,858				
2) SPD-modellen	0	1	2	3	4
Netto driftsresultat		34,600	28,300	29,800	31,300
- Nettoresultatkrav til netto driftskapital		17,892	17,220	20,664	21,697
= Superprofitt til netto driftskapital		16,708	11,080	9,136	9,603
			285,500		
/ Diskonteringsfaktor		1,082	1,171		
= Noverdien av superprofitt til eigenkapital		15,442	253,271		
Balanseført eigenkapital	174,500				
+ Sum noverdi av superprofitt frå drift	268,713				
= Eigenkapitalverdi	443,213				

Estimata nærmar seg!

SETT2-63

KONVERGENS

TIL SAME VERDI

EK-metoden bommar meir enn NDK-metoden i «steg 1»!

	<u>EK-METODEN</u>	<u>NDK-METODEN</u>
Steg 1:	302,9	428,5
Steg 2:	419,9	443,2
Steg 3:	450,6	458,9
Steg 4:	459,4	458,9

pga mest vekting

→ Konvergens: **459** **459**

Pris/bok

$$459/174,5 = 2,6$$

Dersom vi reknar med fleire enn tre desimalar, vil verdien konvergere mot **451**

SETT2-64

NORSKOG ASA

VERDIVURDERING

FØRESETNADER:

- Risikofri rente før skatt = 3,8%
- Marknadspremie før skatt = 5,4%
- Skattesats = 28%



→ JAMFØR DEN OMGRUPPERTE OG JUSTERTE **FINANSREKNESKAPEN** OG **PROGNOSEN** FOR FRI KONTANTSTRAUM FRÅ DRIFT SOM DU FINN I OPPGÅVE 1-2

- a) Finn **kravet til finansielle egedelar** i dag («år 0») når den langsiktige aksjeinvesteringa på 574 krev ein kompensasjon på 2% for illikviditet, i tillegg til kompensasjon for systematisk risiko med beta lik 0,75. Du bør gjere det finansielle egedelskravet framoverskodande ved å vekte på utgåande kapital i balansen

Vekting på «utgåande» inneber eigentleg at vi skal finne framtidskravet og ikkje kravet i «år 0», **sjå eigen plansje**

- b) Finn **kravet til netto finansiell gjeld** i «år 0», når **fgk = 0,08208**. For å gjere kravet framoverskodane bør du vekte på utgåande kapital

SETT2-65

NORSKOG ASA

SPØRSMÅL

- c) Du har estimert og deretter justert eigenkapitalbeta til å vere 1,2. Rekn ut **eigenkapitalkravet** til Norskog i «år 0» når den effektive «utbyteskattvridinga» er 3% og illikviditetspremien elles er 0%
- d) Finn det framoverskodande **kravet til netto driftseigedelar** i «år 0» gjennom å vekte på utgåande balanse
- e) Lag eit **estimat på den fundamentale eigenkapitalverdien** til Norskog per 31.12 år 0 og per 15.05 år 1

SETT2-66

VEKTING PÅ «UTGÅANDE»!

WACC, for eksempel netto driftskravet:

$$\text{ndk}_t = \text{ek}_t \cdot \frac{\text{EK}_{t-1}}{\text{NDK}_{t-1}} + \text{nfg}_t \cdot \frac{\text{NFG}_{t-1}}{\text{NDK}_{t-1}}$$

→ SIDAN RENTABILITET VERT REKNA PÅ BASIS AV INNGÅANDE KAPITAL I FRAMTIDSREKNESKAPEN OG VED VERDIVURDERING, SÅ BØR **VEKTINGA AV KRAV SKJE PÅ INNGÅANDE KAPITAL**

MEN DERSOM VI SKAL LAGE FRAMTIDSKRAV «I DAG» KAN DET ARGUMENTERAST FOR AT INNGÅANDE ER LIK UTGÅANDE BALANSE I FINANSREKNESKAPEN, DVS UTGANGEN AV REKNESKAPSANALYSEPERIODEN

SETT2-67

FRÅ
OPPGÅVE
1-2

FINANSREKNESKAP NORDSKOG

År	0
Driftsinntekter	820
- Driftskostnader	804
= Driftsresultat frå eiga verksemd	16
- Driftsrelatert skattekostnad	4
= Netto driftsresultat frå eiga verksemd	12
+ Nettoresultat frå driftstilknytte verksemdar	1
= Netto driftsresultat	13
+ Netto finansinntekt	1
= Nettoresultat til sysselsett kapital	14
- Netto finanskostnad	71
= Nettoresultat til eigenkapital	-57
+ Unormalt netto driftsresultat	121
+ Unormalt netto finansresultat	143
= Fullstendig nettoresultat	207
- Netto betalt utbyte	0
= Endring i eigenkapital	207

År	-1	0
Driftsrelaterte anleggsmidlar	485	425
+ Driftsrelaterte omløpsmidlar	165	165
= Driftseigedelar	650	590
- Langsiktig driftsrelatert gjeld	52	55
- Kortsiktig driftsrelatert gjeld	188	180
	240	235
= Netto driftseigedelar	410	355
+ Finansielt anlegg	431	574
+ Finansielt omløp	41	36
	472	610
= SYSSELSETTE EIGEDELAR	882	965
Eigenkapital	21	228
+ Langsiktig finansiell gjeld	738	630
+ Kortsiktig finansiell gjeld	123	107
	861	737
= SYSSELSETT KAPITAL	882	965

SETT2-68

FRÅ
OPPGÅVE
1-2

FRAMTIDSREKNESKAP DRIFT

	1	2	3	4	5
• Driftsinntekt	984,000	1082,400	1136,520	1193,346	1253,013
• Netto driftsresultat	29,520	43,296	56,826	59,667	
• Netto driftseigedelar	360,800	378,840	397,782	417,671	

	1	2	3	4
Netto driftsresultat	29,520	43,296	56,826	59,667
- Endring i netto driftseigedelar	5,800	18,040	18,942	19,889
= Fri kontantstrøm frå drift	23,720	25,256	37,884	39,778

SETT2-69

2-3

NORSKOG ASA LØYSINGSFORSLAG

a)

KRAV TIL FINANSIELLE EIGEDELAR

FØR SKATT!

$$fek = r_f \cdot (1 - s) \cdot \frac{KON}{FE} + (r_f \cdot (1 - s) + krp_{FOR}) \cdot \frac{FOR}{FE} + (r_f + \beta_{INV} \cdot mrp + ilp) \cdot \frac{INV}{FE}$$

Kravet til finansielle eigedelar er **den vekta summen** av kravet til kontantar, fordringar og investeringar. Vektinga bør vere til verkeleg verdiestimat, noko som er oppfylt etter justering av finansielle eigedelar til verkeleg verdiestimat



NORSKOG I «ÅR 0»:

$$\begin{aligned} fek &= \frac{36}{610} \cdot 0,038 \cdot (1 - 0,28) + \frac{574}{610} \cdot (0,038 + 0,75 \cdot 0,054 + 0,020) \\ &= \frac{36}{610} \cdot 0,027 + \frac{574}{610} \cdot 0,099 \\ &= \underline{0,09430} \quad \text{dvs } 9,4\% \end{aligned}$$

Vekting på **utgåande** balanse gjer kravet framoverkodande, dvs det kan nyttast som framtidskrav

FØRESETNAD:
KON = 36, FOR = 0
(Sidan dette er den enklaste føresetnaden)

MERK

Kravet til aksjeinvesteringar bør vere **før skatt**, av di vinst på slike investeringar ikkje vert skattlagt i selskap etter fritaksmodellen

[Men dersom $\beta_{INV} \approx 1$ og $ilp \approx 0$, spelar det lita rolle om investeringskravet er før eller etter skatt; det er r_m i begge tilfella]

SETT2-70

b)

NORSKOG ASA

KRAV TIL NFG

KRAV TIL NETTO FINANSIELL GJELD

$$nfgk = fgk \cdot \frac{FG}{FG - FE} - fek \cdot \frac{FE}{FG - FE}$$

Vektinga bør vere til verkeleg verdiestimat, noko som er oppfylt etter justering av finansielle egedelar til verkeleg verdiestimat

→ **NORSKOG I «ÅR 0»:**

fgk er oppgjeve!

$$\begin{aligned} nfgk &= \frac{737}{737 - 610} \cdot 0,08208 - \frac{610}{737 - 610} \cdot 0,09430 \\ &= \underline{0,02339} \quad \text{dvs } 2,3\% \end{aligned}$$

SETT2-71

c)

NORSKOG ASA

EIGENKAPITALKRAVET

EIGENKAPITALKRAVET

$$ekk = r_f \cdot (1 - s) + \beta_{EK} \cdot mrp + ilp$$

der $r_f \cdot (1 - s)$ er risikofri rente etter skatt, β_{EK} er eigenkapital-beta, mrp er marknadspremien etter skatt ($r_m - (1 - 0,28) \cdot r_f$), og ilp er illikviditetspremien

$$ilp = ilp' + ekk' \cdot \tau / (1 - \tau),$$

der ilp' er ilp i utgangspunktet, τ er effektiv «utbyteskattvriding»

slik at **utbyteskatt** kan eventuelt justerast for ved å auke ilp

→ **NORSKOG I «ÅR 0»:**

$$\begin{aligned} mrp \text{ etter skatt} &= r_m - (1 - 0,28) \cdot r_f \\ &= r_m - r_f + 0,28 \cdot r_f \end{aligned}$$

$$ekk = ekk' + ekk' \cdot \tau / (1 - \tau) = ekk' / (1 - \tau)$$

$$\begin{aligned} ekk &= \frac{0,038 \cdot (1 - 0,28) + 1,2 \cdot (0,054 + 0,28 \cdot 0,038) + 0,000}{(1 - 0,030)} \\ &= \frac{0,027 + 1,2 \cdot 0,065}{1 - 0,030} = \frac{0,105}{0,970} = \underline{0,10818}, \quad \text{dvs } 10,8\% \end{aligned}$$

Merk at mrp før skatt $r_m - r_f$ er **lågare** enn etter skatt

SETT2-72

d)

NORSKOG ASA

NETTO DRIFTSKRAVET

KRAV TIL NETTO DRIFTSEIGEDLAR

$$\text{ndk} = \text{ekk} \cdot \frac{\text{VEK}}{\text{VEK} + \text{NFG}} + \text{nfgk} \cdot \frac{\text{NFG}}{\text{VEK} + \text{NFG}}$$

Vekting på **utgåande** balanse gjer kravet framoverkodande, dvs det kan nyttast som framtidskrav

Vektinga skal i prinsippet skje til verkeleg verdiestimat, **men då må vi kjenne verdiestimatet på eigenkapital** – og det kjenner vi først når vi har rekna det ut. **Vi har då to val:**

Gjer vi dette i MS Excel, kan vi nytte «Goal seek» for få konsistens mellom vekt og svar

1) Nyttar **balanseført eigenkapital** i år 0 og reknar ut eit første estimat på ndk og VEK. Deretter **oppdaterer vi vektene, dvs skiftar ut EK med VEK** – og får eit nytt estimat på ndk og VEK. Denne prosessen vil **konvergere** mot det endelege verdiestimatet

2) Nytte eit **«råestimat» på verdien av eigenkapitalen**, til dømes $\text{VEK} = m \cdot \text{EK}$, der m er ein passende multiplikator (vi tippar rett og slett på kva m skal verte) eller $\text{VEK} = \text{børsverdien}$. Dette gjer truleg at **ndk ligg nærare den endelege ndk**. Bommar vi ved at råestimatet avvik mykje frå det svaret vi får, må vi oppdatere vektene, ndk og VEK. Dersom vi tippar tilnærma rett, treng vi ikkje å oppdatere ndk og VEK

SETT2-73

NORSKOG ASA

NETTO DRIFTSKRAVET

TO VAL:

1) $\text{VEK} \approx \text{EK} = 228$

2) $\text{VEK} \approx \text{BØRSVERDI} = 634$

→ I NORSKOG ER SANNSYNLEGVIS BØRSVERDIEN EIT **BETRE** ESTIMAT PÅ FUNDAMENTALT VERDIESTIMAT ENN BALANSEFØRT EIGENKAPITAL:

$$\text{ndk} = 0,10818 \cdot \frac{634}{634 + (737 - 610)} + 0,02339 \cdot \frac{737 - 610}{634 + (737 - 610)} = \underline{0,09404}$$

dvs **9,4%**



Dersom vi vel å nytte balanseført eigenkapital, vert ndk = 0,07784

SETT2-74

e)

NORSKOG ASA

VERDIESTIMAT PÅ EK

NDK - METODEN

Føresetnad:
VNFG = NFG

$$VEK = VNDE - NFG,$$

ELLER:

$$VEK_0 = \sum_{t=1}^T \frac{FKD_t}{(1 + ndk)^t} + \frac{FKD_{T+1}}{(1 + ndk)^T \cdot (ndk - ndv)} - NFG_0$$

Grunnlaget for å operere med **konstant ndk** er Miller - Modigliani: Verdien av selskapet og dermed selskapskravet er uavhengig av finansiering. Er til dømes rentenivået «mean reversion», er det derimot problematisk å ha konstant ndk



NORSKOG 31.12 ÅR 0:

$$\begin{aligned} VEK &= \frac{23,720}{1,09404} + \frac{25,256}{1,09404^2} + \frac{37,884}{1,09404^3} + \frac{39,778}{1,09404^3 \cdot (0,09404 - 0,050)} - (737 - 610) \\ &= 21,7 + 21,1 + 28,9 + 689,8 - 127 \\ &= 634 \end{aligned}$$

Restriksjon:
ndk - ndv > 0

NFG = 127

Sidan ndk er konstant, så kunne T+1 veljast lik 3:

$37,884 / (1,09404^2 \cdot (0,09404 - 0,05)) = 718,7$, som er lik $28,9 + 689,8$

Nyttar vi kravet ndk = 0,07785, så vert **første** verdiestimat 1088

SETT2-75

NORSKOG ASA

VERDIESTIMAT PÅ EK

Sidan verdiestimat på 634 er **lik børsverdien**, er det sjølvsagt ingen vits i å oppdatere vektene, ndk og dermed VEK. Det fundamentale verdiestimatet er

634

Det er berre «**tilfeldig**» at vi får fundamentalt verdiestimat akkurat lik børsverdien



Dersom vi derimot nyttar **balanseførde vekter**, dvs $VEK = EK = 228$, då vert første verdiestimat lik 1088. Dette avvik mykje frå 228. Vektene, ndk og VEK bør **oppdaterast i fleire steg**:

	ndk	VEK
Steg 1	0,07785	1088
Steg 2	0,09931	551
Steg 3	0,09230	667
Steg 4	0,09461	625
Steg 5	0,09385	638
Steg 6	0,09410	633
Steg 7	0,09402	635
Steg 8	0,09405	634

Gjer vi dette i MS Excel, kan vi nytte «**Goal seek**» for få konsistens mellom vekt og svar svært raskt

SETT2-76

NORSKOG ASA

KONTROLL VED SPD-MODELLEN

SPD - MODELLEN	0	1	2	3	4
Netto driftsresultat		29,520	43,296	56,826	59,667
- Krav til netto driftsresultat		33,384	33,930	35,626	37,407
= Superprofitt frå drift		-3,864	9,366	21,200	22,260
Horisontledd				505,447	
/ Diskonteringsfaktor		1,094	1,197	1,309	
Meirverdi netto driftseigedelar	406,473				
+ Balanseført verdi netto driftseigedelar	355,000				
- Netto finansiell gjeld	127,000				
= Eigenkapitalverdi	634,473420				

SETT2-77

NORSKOG ASA

VEK PER 15.05 ÅR 1

Verdiestimatet **kan** flyttast i tid frå 31.12 ÅR 0 til 15.05 ÅR 1:

4,5 månadar fram i tid

$$634 \cdot (1 + 0,10818)^{(4,5/12)} = \underline{\underline{659}}$$

ekk

Dersom det er blitt delt ut **utbytte** i år 1 (fram til 15.05), så må dette trekkjast frå

SETT2-78

2-4

MØRE OFFSHORE SUPPLY ASA VERDIVURDERING VED KONKURS

Møre Offshore Supply ASA er **konkurs**, men bankane vurderer å drive vidare for eiga rekning og selje selskapet på eit seinare tidspunkt. Den **omgrupperte finansrekneskapen** til MOS ser slik ut i konkursåret 0:

År	-1	0
Netto driftsresultat		-1050
- Netto finanskostnad		560
= Nettoresultat til egenkapital		-1610
+ Unormalt resultat til egenkapital		0
- Netto betalt utbyte		-245
= Endring i egenkapital		-1365
Netto driftseigedelar	7000	6300
- Netto finansiell gjeld	5950	6615
= Egenkapital	1050	-315



Finansrekneskapen er **førebels** då det står att å vurdere om den balanseførte verdien av netto driftseigedelar, spesielt skipskapitalen, bør **skrivas ned** på utgåande balanse

SETT2-79

MOS ASA FRAMTID OG VERDI

Sparebanken Sunnmøre leiar arbeidet med **restrukturering** og har laga denne **prognosen** på netto driftsrentabilitet og vekst i netto driftseigedelar fram til «steady state» i år 4:

År	1	2	3	4
Netto driftsrentabilitet	-0,10	-0,05	0,07	0,14
Vekst i netto driftseigedelar	-0,08	-0,02	0,05	0,05



GJEREMÅL:

- Budsjetter den **frie kontantstraumen frå drift** i år 1-4
- Kva er **verdien av netto driftseigedelar** i år 0 dersom du legg til grunn eit **netto driftskrav** på 12%
- Kva er **verdien av netto finansiell gjeld og egenkapital** i år 0?
- Lag ein **justert finansrekneskap** for «Nye» MOS ASA i år 0, når du føreset av 40% av verdien på netto finansiell gjeld vert **konvertert** til egenkapital

Prognosen tek utgangspunkt i førebelse rekneskapstal, dvs før restrukturering

SETT2-80

2-4

MØRE OFFSHORE SUPPLY ASA

LØYSINGSFORSLAG

a)

Fri kontantstraum frå drift = Fullstendig netto driftsresultat - endring i netto driftseigedelar

1) Budsjettering av netto driftseigedelar og endring i netto driftseigedelar:

$$NDE_t = (1 + ndv_t) \cdot NDE_{t-1}$$

$$\Delta NDE_t = NDE_t - NDE_{t-1}$$

År 0 $NDE_0 = 6300$

År 1 $NDE_1 = (1 - 0,08) \cdot 6300 = 5796 \rightarrow \Delta NDE_1 = 5796 - 6300 = -504$

År 2 $NDE_2 = (1 - 0,02) \cdot 5796 = 5680 \rightarrow \Delta NDE_2 = 5680 - 5796 = -116$

År 3 $NDE_3 = (1 + 0,05) \cdot 5680 = 5964 \rightarrow \Delta NDE_3 = 5964 - 5680 = 284$

År 4 $NDE_4 = (1 + 0,05) \cdot 5964 = 6262 \rightarrow \Delta NDE_4 = 6262 - 5964 = 298$

2) Budsjettering av netto driftsresultat

$$NDR_t = ndr_t \cdot NDE_{t-1}$$

År 1 $NDR_1 = -0,10 \cdot 6300 = -630$

År 2 $NDR_2 = -0,05 \cdot 5796 = -290$

År 3 $NDR_3 = 0,07 \cdot 5680 = 398$

År 4 $NDR_4 = 0,14 \cdot 5964 = 835$

SETT2-81

MOS ASA

FKD

3) Budsjettering av fri kontantstraum frå drift

T=3,
T+1 = 4

År	1	2	3	4
Netto driftsresultat (fullstendig)	-630	-290	398	835
- Endring i netto driftseigedelar	-504	-116	284	298
= Fri kontantstraum frå drift	-126	-174	114	537



SETT2-82

MOS ASA

VERDI

b)

Verdi av netto driftseigedelar

$$\begin{aligned} \text{VNDE} &= -\frac{126}{1,12} - \frac{174}{1,12^2} + \frac{114}{1,12^3} + \frac{537}{1,12^3 \cdot (0,12 - 0,05)} \\ &= -113 - 139 + 81 + 5460 \\ &= \underline{5289} \end{aligned}$$

Sidan ndk er **konstant**, så kan T+1 setjast lik 4, dvs første året med «steady state» på nivå. Vi treng med andre ord ikkje å krevje at verksemda skal vere i relativ «steady state»

c)

Verdi av egenkapital

$$\begin{aligned} \text{VEK} &= \text{maks}\{0, \text{VNDE} - \text{NFG}\} \\ &= \text{maks}\{0, 5289 - 6615\} = \underline{0} \end{aligned}$$

pga avgrensa ansvar i ASA

Når VEK = 0, så er selskapet **konkurs** og **netto finansiell gjeld får dekning så langt der er verdier**

$$\begin{aligned} \text{VNFG} &= \text{min}\{\text{NFG}, \text{VNDE}\} \\ &= \text{min}\{6615, 5289\} = \underline{5289} \end{aligned}$$

SETT2-83

MOS ASA

NY FINANSREKNESKAP

d)

Omgruppet finansrekneskap for år 0 **etter restrukturering og nedskrivning** til verkeleg verdi

År	-1	0
Netto driftsresultat		-1050
- Netto finanskostnad		560
= Nettoresultat til egenkapital		-1610
+ Unormalt nettoresultat til egenkapital		315
- Netto betalt utbyte		-2361
= Endring i egenkapital		1066
Netto driftseigedelar	7000	5289
- Netto finansiell gjeld	5950	3173
= Egenkapital	1050	2116

- Tap ved nedskrivning av netto driftseigedelar
6300 - 5289 = **1011**

+ Gevinst ved nedskrivning av netto finansiell gjeld
6615 - 5289 = **1326**

Konvertert gjeld
↓
-245 - 2116 = -2361

Verkeleg verdi ved framleis drift

Verdi netto finansiell gjeld = 5289, men så vert 40% **konvertert** til egenkapital:
5289 · 0,6 = 3173

5289 · 0,4 = 2116

Dei gamle aksjonærane vert nulla

1050 + 1066 = 2116 ✓

SETT2-84